

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

1. søndag i adventstida – 29. nov 2015

Preiketekst: Matt 21,10-17

Lesetekst I: Jes 12,1-6

Lesetekst II: Op 3,19-22

Han kjem med frelse

Til dagen

Advent markerer starten på kyrkja sitt ‘temaår’. Planmessig lesing og forkynning i ei tilbedande råme, gjev kyrkja store muligheter til vokster, både innover og utover.

3. rekka skal ta oss med gjennom kvardag og helg, slik at Den treeinige Gud kan ærast etter Skrifta sitt vegkart.

Det heftar elles kyrklege og folkelege tradisjonar til adventsvekene. Dette kan avgrensa, men kanskje også utvida perspektivet for predikant og forsamling. I alle fall lyt me forholda oss til terrenget og prøva utnytta det til vår fordel: små og store kan få eit glimt av Israel og Messias i lyttenning, julekveldsvise, korps og kor.

Til teksten

Matteus har Messias-perspektivet med når han skildrar Jesu liv (Matt 1,22). Han legg fint på plass puslespel-bitane når han siterer profetiar og lovnader til Gudsfolket attåt Jesu ord om folket og folkia.

Me går inn i teksten der inntoget er omme og Hosianna-ropa har stilna. Eller rettare: inntoget stoggar ikkje like innom porten. Herren vil lengre inn, til Sion, bønehuset, og til Anden og trua sitt sannferdige vitnemål i kvardag og helg.

Avsnittet er plassert like før avsluttande talar og dramatisk klimaks i Jesus Messias sitt jordeliv. Herren ser den einskilde sjølv i vrimmelen; på tempelplassen helbredar han blinde og lamme. Majestetisk er han, og omsorgsfull på same tid.

Til preika

Preika på kyrkja sin nyttårsdag må vera Kristus-sentrert, både fordi teksten er det og fordi dagen skal gje retning for vandringa framover. Slik kan ordet om Herrens inngang *velsigna* (vår) *utgang og inngang* (Sal 121,8)

Sjølv skal eg – om Gud vil – få feira tre gudstenester denne dagen: i samfunnshus og kyrkjehus. Æi gudsteneste prega av små og store som er klare for å lytta og tilbe, klippa og lima. To lysmesser med konfirmantar og korps.

Ein dag med rørsle og engasjement, slik det høver seg ved inngangen til adventstida.

Kyrkjebygget talar

Sjølve ‘templet’ her i bygdene skal vera kveldsrommet denne dagen: ei steinkyrkje frå 1200-talet.

Blåseinstrumenta kjem til sin rett, songen og lesinga likeeins. Og so sjølve rommet: inn i sakrestiet (1600-t) med vakre veggmåleri. Eitt motiv er ei livleg framstilling av tempelreinsinga, altså ei visualisering av teksten for dagen. Vis-a-vis har *Nils målar* teke oss med inn i ‘bønehuset’, der farisear og tollar møter Abraham, Isak og Jakobs Gud i akk, så ulike bøner.

Begge desse veggmåleria kan gje ettertanke ved inn- og uttog i heilagdomen.

For å koma inn i sjølve kyrkjerommet, lyt små og store gå gjennom vestportalen, eit vakkert og forsegjord ‘nålauga’, som slepp ut lyset og biletet av det heilage rommet, som trekker oss nærmare. Denne søndagen gjev meg som liturg og predikant ein inderleg bibeltekst å formidla, som samstundes er livaktig og visuell. Jesus Messias kjem til oss og gjer krav på plass i hjarta og daglegliv.

Han møter menneske av alle kategoriar, og har livet med seg, til lækjing og tru.

Guds rike er i verda, om enn ikkje av verda.

Me kjem med våre verdiar, til sal og byte; men Jesu prosesjon er ikkje berre til søtladen beundring i ei stressa førjulstid.

Han kjem, *og har frelsa med seg.*

Guds folk finn plass i Jesu følgje: ved å formidla ordet, ved å gjera hans gjerningar, ved å halda varm plassen i Guds hus.

Messias-truande Israelsvener skal få utfolda sitt spesiale: å løfta fram den djupe klangbotn Hosianna-ropa kling i. Herren står ved sine lovnader; han let sin tenar kyrkja/Israel formidla i ord og gjerning det Jesus er og vil.

Tala gjerne alvorleg, ver gjerne sjølv eit førebilete, men la gleda vera den berande Andens frukt (Gal 5,22), gleda i han og av han, som kom og som kjem og som koma skal!

Geir Paulsen

Sokneprest i Luster.

geir.paulsen@kyrkja.luster.no